

## Referat

**Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.**

**Tysdag 28. februar 2023 kl 19.30**

**Sakralrommet, Førdehuset**

### **Møtte:**

#### **Faste medlemmar:**

Svein Inge Bjørkedal, Kirsten J. Friis, Trude Tenold, Siri Brændmo, Leon Årdal, Gerd Nesbø

#### **Varamedlemmar:**

Åsmund Rakke

**Sekretær:** Johan Bengtsson

## Referat:

### Saker:

#### 1. Oppdatering om samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

##### **Bakgrunn frå førre møte:**

- a) Sparebankstiftinga inviterer Sunnfjord kulturråd til sende 1-2 representantar til å delta i arbeidet med innstilling innom kulturområdet i Sunnfjord kommune

**Vedtak: Styret er positive til ein prøveordning over eitt år. Det bør skje gjennom handsaming i styret, som deretter gir to medlemmar fullmakt til å representere styret. Deretter evaluering av ordninga.**

- b) **Inkluderingsmidlar** – Sparebankstiftinga kjem til å lansere ein individuell støtteordning der lag og organisasjonar søker om midlar som kan delast ut til enkeltpersonar frå familiar med lav inntekt som kan brukast til t.d. utstyr, medlemsavgift og turar. Sunnfjord kulturråd kan søke

**Vedtak: Sunnfjord kulturråd informerer sine medlemmer om ordninga og anbefaler deltaking.**

##### **Møte med Pål Fidjestøl:**

Svein Inge har hatt møte med Pål Fidjestøl om a). Sparebankstiftinga ynskjer at vi sender to kandidatar til møte med han, og evt. Styreleiar, som går igjennom søknader som gjeld Sunnfjord.

**Vedtak: Sunnfjord kulturråd sender to representantar på møte med Sparebankstiftinga som ein prøveordning.**

#### 2. Førebuing av årsmøte

Svein Inge, Leon og Kirsten har laga årsmøtedokument. Valnemda har klar liste over kandidatar.

### 3. Plan for Kultur, frivillighet og integrering

Frist for innspel 13. april. Høyring juni – august. Vedtak september.

Sjå gjerne Vestland fylkeskommune sine planar: [Regional plan for Kultur](#) og [LivOgLyst](#)

### 4. Logo og fane

Astrid Wittersø har laga ein midlertidig logo til bruk digitalt og på papir. Ho ynskjer ikkje vidare bruk av den, og den eignar seg ikkje til tekstil. Husflidslaget kan ta oppdrag å lage fane, og har sett ned ein gruppe for det. Styret vil vurdere å bestille logo ved seinare høve.

#### Notatar frå Folkemøtet:

Hilde Bjørkum helsa velkommen. Møtet gjeld innspel til plan for kultur, frivillighet og inkludering 2013 – 2020 som innheld plan for idrett og fysisk aktivitet. Møtet er streama så de kan sjå det etterpå.

[Lenkje til streaming](#)

Det er viktig å få med synspunkt i innspelsrunden med frist 11. april. Det blir også ein høyringsrunde.

Forankring av plan, andre planar. Mellom anna: Vestland fylkeskommune sin Regional plan for kultur idrett og frivillighet.

Kva er viktigast for oss no? Komme med innspel før fristen 11. april 23.

Gå inn på lenka på sunnfjord.no og gje innspel, med namn, eller anonymt.

[Lenkje til innspel](#)

Utleggingsvedtak 07.06.23

Høyringsperiode 07.06.23 – 28.08.23

Framlegg politisk handsaming 21.09.23

Stikkord:

- Tre målområde
- Sunnfjord kommune skal vere eit Kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet.
- Frivillige
- Institusjonar

#### Viktige spørsmål for innspel:

- Kva kan kommunen gjere?
- Kva kan kulturinstitusjonane gjere, innbyggjarane/frivillige, næringslivet?
- Korleis få til auka frivillig innsats?

#### Vi treng innspel til målområda:

- Kvar skal sunnfjord kommune vere i 2030 som kulturelt tyngdepunkt.
- Kva må til?
- Korleis er det frivillige arbeidet i 2030? Har vi klart å auke den frivillige innsatsen?
- Kva tiltak må vi gjere?
- Gode inkluderande kvardagsliv med lokale møtesplassar for kultur og fysisk aktivitet
- Korleis få det til

## Runde med innspel frå salen:

**Svein Inge Bjørkedal, leiar Sunnfjord kulturråd**

Førdehuset. Utvikle kulturdelen etter strategiplanen

Rekruttering

Kommunen sitt bidrag: smidige prosessar. Søknader – aktivitet

Gode inkluderande tiltak: Jo meir frivillig jo billigare og betre

**Åge Avedal, privatperson, jobbar i faget i fylkeskommunen.**

Dette er den viktigste planen som skal vedtakast i perioden. Korleis skal vi selje inn Sunnfjord kommune som ein god plass å bu i?

Førdefestival – fyrtårn

Nynorskhuset – utvikle den nynorske kulturen og fellesarven.

Frivillig arbeid – Kommunen må vere på tilbodssida. Legge til rette for at offentlege bygg kan nyttast til frivillig aktivitet.

På samlingshus er det to manglar: Akustikk og universell tilrettelegging.

Vi treng ein plan for kultur møtesplassar.

Fritidskort

Kva arenaer treffer vi dei som dett utanfor? Korhen deltar det flest? Ungdomsklubb, opne arenaer.

Korhen treffer midlane best?

**Hilde Bjørkum:**

Ungdomsråd og eldreråd sine største ynskje: Skysstilhøve, møtesplassar

Norvall Nøringset, leiar Førde Røde Kors, tidlegare politkar.

Lokalitetar. Innsparing. Bygningsmasse for idrett: Skei, Vassenden, Halbrend, Øyrane, Bygstad.

Vi manglar møtesplassar. Loftet på Røde korshuset vert leigd ut til kostpris. Fotball – lavterskeltilbod.

Treningsavgifter, baneleige er den store kostnaden. Eit paradox. Du må ha prosjekt for å få inn

pengar, sende søknader og skrive rapportar. Frivillig arbeid kultur og anna. Ferie for alle.

Inkluderande kvardagsliv treng finansiering for å kunne vere med.

**Miriam Førde, dansar, pedagog ved danseverkstedet**

Har drivet gjennom pandemien. Har lokale på Prestebøen, og har det veldig godt. Korleis blir det med Vektløftingsarenaen? Økonomi – treng samarbeid med kommunen om lokalar for å drive vidare. Kan vi som no er tilsette drive vidare når Jorun Reina ein gong gir seg?

**Anna**

Sunnfjord bibliotek

Bærekraft. Tenestetorget i Sande. Mange lokaler som ikkje blir brukt. Bruk eksisterande lokaler til frivilligheten

**Are Gunnar Korsvold**

Nytt prosjekt: Friluft for barn og unge – Bjarne Huseklepp/Håkon Huseklepp – Friluftaktivitetar skal vere godt organisert i ein felles kalender. Det skal vere gratis, inkluderande, enkelt å finne ut av. Sogn og Fjordane – Vestland – Heile Norge.

Hilde: Friskus - aktivitetsskalendaren

**Åsmund Bertelsen**

Engasjert innbyggjar (tidlegare politkar)

Den frie, ekte leiken. Lag møtesplassar der ein kan utøve leik – gjere noko risikofyllt. Folkehelse på flatt underlag. Så nær heimen som råd. Nyskapande anlegg på tvers ute og inne. Det er sviaktande

aktivitet i ein del idrettslag. Ein fotball-løkke der barn i 6-12 års alderen kan spele fotball saman og lære av kvarandre. Transport – gratis for alle.

### **Daniel Lira Figureido**

KFUK – KFUM Sogn og Fjordane

Kommunen bør legge til rette for at organisasjonane kan møtast på tvers. Det er stort rom for Samskaping. Til eksempel gaming og e-sport er viktig. Bygget ved Førde hotel skal brukast til Musikkstudio, musikkproduksjon. Kjellaren skal brukast til det. Tredje etasje kan brukast til dans eller andre aktivitetar. Ungdomen kan skape sine egne aktivitetar.

### **Gerd Nesbø**

Styret i Sunnfjord kulturråd

Færre sosiale arenaer for folk flest. Det er ein mangel for ulike grupper. Folk møtast for lite på tvers av alder. Idrett og kultur kan samarbeide meir om aktivitetar. Dei frivillige laga veit ikkje om kvarandre. Eit bufellesskap med felles administrasjon. Det kan skape idemyldring og samarbeid på tvers. Det kan skape større engasjement. Sosiale media og media elles har gjort oversikten over aktivitetar vanskeleg. Born treng møte andre vaksne enn foreldra sine.

### **Trude Tenold**

Sunnfjord kulturråd og Univerket

Friskus fungerer ikkje så veldig bra – kva kan vi gjøre der. Møtesplassar for kulturell aktivitet manglar. Jobbe med egne prosjekt, fritt, og møte andre.

Hilde: Det er planlagt folkeverkstad i underetasjen i Førdehuset som ein del av Strategiplanen.

Åsmund:

Middelaldersenter med handverk, eit hus på Jølster: Gamle heimyrkesskulen

Hilde: Sunnfjord museum er ein mogleg samarbeidspart her

Norvall:

Høyriingsperioden er planlagt 7.7 – 26.8 dvs. heile ferien. Frykteleg uheldig. Ynskjer kommunen ikkje innspel? Kva med å utsette fristen ein måned?

Hilde: Tar med synspunktet.

Åge:

Samle inn informasjon, lage informasjonsskriv – Bruke Friskus – navigere. Samle opp informasjon og sende ut.

Hilde:

Hadde alle lagt ut på Friskus ville portalen ha vore betre.

Gerd:

Friskus er fin i forhold til kva som skjer, men ein stor gruppe kan ikkje bruke den, eldre, innvandrarar og fleire.

### **Åsmund Rakke**

Pensjonistlaget

Inkluderande – godt arbeid for born og unge. Vi blir mange eldre – ikkje gløym det.

### **Svein Inge**

Gratis husleige i offentlege bygg for idrett og kultur. Dette kostar null kroner i Bergen kommune. Kommunen eig Heimeyrkesskulen, Gamlebanken og mange fleire eldre bygg – selg bygga til lag og organisasjonar!

Oppmoding om å send innspel per e-post eller skriv innspel i portalen.

[Lenkje til innspel](#)

**ETTERMØTE:**

Etter møtet blei styret einig om følgjande. Kvar organisasjon og/eller enkeltperson kan sjølv svare på høyringa.

Styret skriv eit innspel med viktige punkter for kulturrådet.

Ein punkt vil vere gratis leige av kommunale lokalar for lag og organisasjonar.

Førde 29.03.23

Johan Bengtsson, sekretær